



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 09.04.2018
Tid: 11:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eva Pernille Tufteland	Leiar	
Arvid Ole Refvik	Nestleiar	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Miland Helland	Medlem	
Torunn Johansen	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ole Anders Haukeland	Torunn Johansen	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Marianne Ytrearne	Sekretær

Eva Pernille Tufteland
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 9/18	Godkjenning av møteinnkalling	
PS 10/18	Godkjenning av saksliste	
PS 11/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 29.01.18	
PS 12/18	Orienteringssaker	
PS 13/18	Den kulturelle spaserstokken	
PS 14/18	Brosjyre om eldrerådet i Fitjar	
PS 15/18	Ymse	

PS 9/18 Godkjenning av møteinnkalling

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkalling til møtet 09.04.18.

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

Merknad til innkalling: Grete Marit Veka Maraas påpekte at leiar og nestleiar ikkje var retta. Eldrerådet gjennomgjekk innkalling og godkjenner denne.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkallingen til dagens møte.

PS 10/18 Godkjenning av sakliste

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner saklista for møtet 09.04.18.

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

Eldrerådet godkjenner saklista for møtet.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner saklista.

PS 11/18 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 29.01.18

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 29.01.18.

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

Merknad til møteprotokoll: Representanten Grete Marit Veka Maraas informerer om heisen på Fitjar kultur- og idrettsbygg. Venter på firmaet som skal ordne heisen, og for å unngå ekstra kostnader, er det ynskeleg å ta fleire ting samtidig. Grete Marit Veka Maraas gir beskjed til eldrerådet når arbeidet er komen igang.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner protokollen frå møtet 29.01.2018.
Eldrerådet tek informasjonen til vitande.

PS 12/18 Orienteringssaker

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek orienteringssakene til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

Orienteringssaker:

- Talerett i kommunestyret:
Leiar Eva Pernille Tufteland har vore i kontakt med ordførar Wenche Tislevoll. Ordførar er positiv til at eldrerådet får talerett i kommunestyret.
- Apotek
Leiar Eva Pernille Tufteland har kontakta 3 apotekkjeder: Apotek 1, Boots og Vitus apotek. Dei ba om at kommunen tek kontakt med hovedkontora for nærare dialog, då dette er og eit spørsmål om tilrettelegging og økonomi. Leiar foreslår å senda saka vidare til ordførar/tiltaksjef.
- Forskrifter, kommunale avgifter:
Forskriftene blei ikkje ved innkalling til dagens møte. Sekretær skal finne desse til neste møte.
- Status på ombygging av sjukeheim:
Helse- og sosialsjef Anne Økland informerte om status på ombygging av Fitjar bu- og behandlingssenter. Powerpointframvisning blir sendt medlemmene.

Anne Økland informerte også om dei forskjellige tilskot innan helse, som er søkt om og skal søkast om.

Det er søkt om tilskot til «Aktivitetstiltak for å motvirke ensomhet og passivitet». Medlem Arvild Ole Refvik vil framheve dette tilskotet og at midlane kanaliserast til tiltak mot ensomhet. Det er mange eldre som har tatt kontakt med han ang. ensomhet blant dei eldre i Fitjar.

Representanten Grete Marit Veka Maraas foreslår at det kan opprettast ei besøksgruppe, enten ved hjelp av Frivilligsentralen til å kontakte evt. interesserte som kan hjelpe til evt. kjøring og andre tiltak.

Varamedlem Ole Anders Haukeland spør om institusjonane har buss/bil til bruk til dette, men det har dei ikkje på noverande tidspunkt.

- Eldrerådssamling på Tysnes, 6. juni 2018.
Forslag frå eldrerådet: Leiar Eva Pernille Tufteland og medlem Torunn Johansen møter på eldrerådssamlinga. Mulighet for transport frå ferjekaien?
- Referat frå Fylkeseldrerådet 15.03.18:
Eldrerådet har ingen merknader til referatet.
- Eldredagen 2018:
Ikkje fått endeleg dato frå Fitjar vidaregåande skule.
Leiar Eva Pernille Tufteland har sendt søknad om midlar til Fitjar kraftlag på kr. 20 000,-. Leiar skal også ta kontakt med rådmann Atle Tornes/Olaug Haugen om spørsmål om mynde til å søka om underskuddsgaranti.

Musikk til sangene: Det blei lagt fram forskjellige forslag til aktuelle personar. Desse blir kontakta og spurt om dei kan møte på eldredagen.

Underhaldning:

Kulturskulen opnar med underhaldning. I førre møte blei Ingvard Wilhelmsen «hypokonderlegen», foreslått som taler. Leiar Eva Pernille Tufteland har vore i kontakt med han og han var fullbooka og kan ikkje kome. Eldrerådet har diskutert

andre forslag og kjem tilbake når leiar har undersøkt nærmere om kven som kan stille med song og taler.

- Plan: Mindre endring av detaljregulering Tranøy Aust
Eldrerådet har ingen merknader.

Vedtak:

Orienteringssaker:

Talerett i kommunestyret:
Eldrerådet sender saka vidare til kommunestyret.

Apotek:
Eldrerådet vedtar å sende saka om apotek vidare til ordførar/tiltaksjef.

Forskrifter, kommunale avgifter:
Blir tatt opp igjen i neste møte.

Status på ombygging av sjukeheim:
Eldrerådet tek informasjonen til vitande.

Eldrerådssamling på Tysnes:
Leiar Eva Pernille Tufteland og medlem Torunn Johansen møter på samlinga.

Referat frå fylkeseldrerådet:
Eldrerådet tek referatet til vitande.

Eldredagen 2018:
Saka blir lagt fram utan tilråding.

Plan: Mindre endring av detaljregulering Tranøy Aust
Saka takast til vitande.

PS 13/18 Den kulturelle spaserstokken

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek informasjonen til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

«Den kulturelle spaserstokken» er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre».

Søknadsfristen for «Den kulturelle spaserstokken» er 1. september 2018.

Saka blir tatt opp i neste møte.

Vedtak:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 14/18 Brosjyre om eldrerådet i Fitjar

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

Ved førre møte blei det lagt fram ynskje om ein informasjonsbrosjyre for Fitjar eldreråd. Sekretær og leiar utarbeider forslag til brosjyre til neste møte.

Vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

PS 15/18 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Eldrerådet - 09.04.2018:

Då «Cafè Annemor» var i drift, blei det arrangert songstund for dei eldre. Representanten Grete Marit Veka Maraas fortel at det er ynskjeleg blant dei eldre at noko tilsvarande blir arrangert i Fitjar. Mulige lokale kan vere på Havnauset, sjukeheimen, Seniorsenteret. Galleri Flora har flytta inn i det gamlebygget og har laga til ei «kaffistove» med plass til 20-25 personar. Grete Marit Veka Maraas følgjer opp saka vidare.

Vedtak: